

Aktivitetsplan 2016/2017

Dato	Arrangement	Komite
Tys. 17. mai	Nasjonaldagspeling	Styret
Laur. 21. mai	Dugnad i Torskangerpoll	Sosialkomite og matkomite
Sønd. 29. mai	Stormfestivalbriefing	Alle i korpset pluss hjelperar
Fred. 3. - 5. juni	Stormfestival	Alle i korpset pluss hjelperar
Tys. 16. aug	Sesongstart	Styret
Fre. 19. aug.	Trebåtfestival Ulsteinvik	Komite
Fre. 2. - 4. sep.	Øvingshelg m gjesteinstruktør	Styret og noteutvalet.
Lau. 8. - 15. okt.	Callellafestival	Anne Mari, Johanne, Asbjørn, Stine.
Fre. 21. okt.	Heim i Haust	Reidunn, Tove, John Inge, Erling.
Søn. 23. okt.	Basar	Ingunn, John, Marte, Espen, Ola V, Alice.
Søn. 18. Des.	Julekonsert	Styret
Fre. 6. - søn. 8. jan.	Øvingshelg eigen dir.	Styret, Noteutval og nyttårskonsertkomite.
Lau. 14. jan 2017	Nyttårskonsert	Sølvi, Asbjørn, Jonathan, Mathias, Kari, Eli.

Tid for å fornye abonnement på Vredens Gnag


Dersom du vil ha dette bladet som kjem ut 8-10 gonger i året, så må du betale vedlagt giro på 150 kroner eller til kontonummer 3705 24 26104 innan 10. mai.

Samstundes er du med å støtte drifta av Torskangerpoll Musikklag og kulturlivet i Vågsøy.

Du må hugse å skrive namn på giroen på kven du betalar for.

Har du ikkje fått giro, eller vil betale så kontakt Tor Åge Gravdal: 97511510 eller toraagegravdal@hotmail.com.

- Kva med å spandere bladet på nokon du kjenner?



*Brillefintint med
briller der ein kan
opne glasa og klø seg
når ein ikkje ser anna
løysing, seier Terje ...*

Vredens Gnag



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Nr. 04

23. årgang

April 2016



Vil du hjelpe til under stormfestivalen

Første helga i juni, 3. til 5. juni, er det klart for ny stormfestival. Planlegginga har pågått i eitt år, og det kan bli ein fargerik fest i Måløy og Torskangerpoll. Dette er eit stort og viktig arrangement der det er mykje som skal gjerast. Det er venta 13 lag og rundt 300 gjester.

Leiar for Torskangerpoll Musikklag, Johan Wåge håpar at det kan vere folk som kan hjelpe til med mindre og større tenester denne helga.

Kan du hjelpe til så kontakt Tor Åge Gravdal: 97511510 eller toraagegravdal@hotmail.com..

www.torskangerpoll.no


Til Ulsteinvik med storbandkonserten



Torskangerpoll Musikklag er invitert til Ulsteinvik og Trebåtfestivalen som skal arrangerast i midten av august. Fredag 19. august klokka 20.30 skal vi framføre storbandkonserten der Isak Søråa er frontfigur som sangsolist. Det blir ein times konsert med høgdepunkt frå nyttårskonserten som var i Samfunnshallen i januar. Vi spelte den same konserten som vi skal ha i Ulsteinvik under treskifestivalen i Stryn i februar, og fekk mykje skryt for den. Så no går det i full musikk frå treski til trebåt.

Portrettintervju med Ola Vedvik:

- Korleis står det til, Ola Vedvik?
- Veldig bra.
- Gler du deg til jul?
- Ja.
- Kopt egg eller speilegg?
- Speilegg.



Dagens dikt:

Tel du år blir livet kort.
Tel du dagar går livet fort.
Tel du timar varer livet ei stund.
Men lengst varer livet om du nyt
kvart sekund.

Ja, hvorfor ikke?

Hvorfor kan ikke jeg le når Waterloo?
Hvorfor kan ikke jeg gå når Bondegård?
Hvorfor kan ikke jeg spise, når A4 format?
Hvorfor kan ikke jeg ligge, når dialog?
Hvorfor kan ikke jeg finne, når elefant?
Hvorfor kan ikke jeg vinne, når forsvant?
Hvorfor kan ikke jeg se når annonser?
Hvorfor kan ikke jeg si, når Pizza.
Hvorfor kan ikke jeg være, når Twitter?
Hvorfor kan ikke jeg gå når biljekk?
Hvorfor kan ikke jeg le, når Solo?
Hvorfor kan ikke jeg gråte, når
Astrid Lindgren?

Venter 300 gjester på stormfestivalen



Laurdag 4. juni blir det fargerikt og musikalsk når 13 korps og eitt kor skal ha karnevalstog og konsert i Måløy sentrum under årets stormfestival.

Første helga i juni er det igjen klart for ny stormfestival i og rundt Måløy. Det er niande gongen at Torskangerpoll Musikklag arrangerer denne uvanlege korps- og korfestivalen.

– 13 korps og eit kor påmeldt festivalen. Rundt 300 musikarar og songarar frå ulike deler av Sør-Norge kjem til Måløy for å ha det moro i tre dagar, seier leiar i Torskangerpoll Musikklag, Johan Einar Wåge.

Festivalen startar fredag ettermiddag med arrangement for dei som er med på festivalen i Samfunnshallen.

Karneval

Laurdag blir den store utedagen då deltakarane skal gje publikum i Måløy musikk og godt humør. Då stiller alle opp i fargerike kostyme i Måløy. Deltakarane skal underhalde ulike stadar i Måløy sentrum, før dei endar opp på Torget der alle deltakarane skal ha kvar si avdeling. Deler av sentrum av Måløy blir stengt for trafikk i ei periode på laurdag føremiddag, opplyser Wåge.

– Vi håpar publikum møter opp i Måløy og får med seg det som skal skje. Vi trur det kan bli eit flott syn og god underhaldning, og ikkje minst blir det mange spenstige innslag. Det meste vil skje på og rundt Torget i Måløy, seier Wåge.

Ha det kjekt

Han seier at stormfestival er eit sosialt treff for folk som spelar i korps, og no i kor.

– Her er det ikkje spele- eller prestasjonspress. Her skal folk ha det kjekt, oppleve flott natur, treffe andre med same hobby og få servert mykje god mat, seier Wåge

Og det at mange som har vore her før kjem igjen på festivalen fortel at dette er noko som dei likar. Fleire av deltakarane har vore her før. Deltakarane kjem frå Møre og Romsdal, Hordaland, Oppland og Sogn og Fjordane. Blant anna kjem eit av verdas beste musikkorps, Manger Musikklag, og blir med på festivalen.

Rorbust

Eit av høgdepunkta for deltakarane er rorbustfesten i Torskangerpoll laurdag ettermiddag. Her får dei lett underhaldning, stormsuppe og tørrsild. Her blir det også ein uformell stafett mellom korpsa, og i det spesielle rorbustmiljøet så brukar folk å like seg. Denne ettermiddagen blir vegen mellom Oppedal og Vågsvåg stengd i periodar på grunn av dette arrangementet. – Bortsett frå sjuke- og naudtransport så blir det ikkje muleg å passere Torskangerpoll når dette arrangementet blir gjennomført. Statens vegvesen har gjeve oss løyve til dette, og dei som bur i området er informert, seier Wåge.